# Ullensvang kommune

Samfunnsutvikling og plan

Norges Vassdrags- Og Energidirektorat (nve)
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

| Dykkar ref. | Vår ref. | Arkiv: | Dato |
|---|---|---|---|
| | 21/603-19 /ELITVE/25/33286 | FA-S11, TI-&18 | 28.10.2025 |

## Ullensvang kommune sine krav til vilkårsrevisjon i Mågeli- og Tyssovassdraga

Kommunestyret har i møte 20.10.2025 09:00 fatta følgjande vedtak i sak 095/25:

Ullensvang kommunestyre sender over følgjande krav i oppstarten av revisjon av konsesjonsvilkår i Mågeli- og Tyssovassdraga:

1. Vilkårsrevisjonen skal ha miljøaspektet i fokus.
2. Vilkårsrevisjonen skal leggja særleg vekt på innkomne innspel frå innbyggjarar, lag og organisasjonar.
3. Nye miljøvilkår må tilpassast dagens utfordringar til ferdsel, turistnæring og villrein.
4. Kvaliteten for fisken i Langavatnet må forbetrast.
5. Betre tilhøve til båtopptrekk ved Ringedalsvatnet og Langavatnet.
6. Informasjonsskilta ved reguleringsmagasina må forbetrast. Skilta må syna kvar tappeluker og tunell er, og dei må plasserast tilgjengeleg for ålmenta.
7. Avtale om snøbrøyting i Åsen.
8. Opparbeiding av sti frå Åsen til Mosdalen.
9. Det må takast omsyn til tema landskap, ferdsel/friluftsliv og villrein.
10. Det må takast omsyn til kulturminner i vassdragsområdet.
11. Det skal ryddast opp etter tidlegare utbygging og seinare arbeid i vassdragsområdet.
12. Flaumdemping av Tysso.
13. Minstevassføring i Tyssestrengene og Ringedalsfossen av omsyn til oppleving og turisme i turistsesongen juli-august.
14. Statkraft må inngå utbyggingsavtale med vertskommunen.
15. Det skal etablerast krysningsmogelegheit på magasina i form av utlegg av båtar og vestar (ref. Ullensvang fjellstyre sin høyring).

**Ring oss**
Telefon: 53 65 40 00
Sentralbord: 09.00 - 15.00
**Org.nr 920 500 633**

**Kontakt oss**
Opheimsgata 31
5750 Odda
postmottak@ullensvang.kommune.no

**Besøk oss**
Besøk innbyggjartorga i
Jondal, Odda og Kinsarvik
www.ullensvang.kommune.no

16. Statkraft bes om å gå i dialog med Ullensvang fjellstyre og Fjellstyra på Hardangervidda as med tanke på mogeleg oppdragsutførelse innafor områder som selskapet har kompetanse og elles er konkurransedyktig.

Villrein:

Det er viktig for Ullensvang kommunestyre at Statkraft utarbeider tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag av temaet villrein. Ein må synleggjere kva påverknad dagens regulering har hatt på villreinen, og arealbruken deira. Spesielt må ein vurdere om etablering av villreintersklar i reguleringsmagasina vil ha ein avbøtande effekt. Det må takast omsyn til tiltaksplanen for felles sti- og løypeplan for Hardangervidda som er under arbeid. Ullensvang kommunestyre meiner det er viktig at nye miljøvilkår vert tilpassa til dagens utfordringar i forhold til ferdsel og villrein.

Fisk:

Ullensvang Fjellstyre rapporterer at kvaliteten på fisken i Langavatnet er dårleg. Næringsgrunnlaget vert påverka av variasjon i vasstanden og den regelmessige tørrlegginga av strandsona. Statkraft må sjå på moglegheit for å etablera kulpar, tersklar eller tilsvarande langs strandsona, som vil ivareta at nokre av større næringsdyr overlever tørrlegging av sona. Eventuelt bør ikkje Statkraft tørrlegga strandsona i periodar som er viktige for desse næringsdyra.

Båtopptrekk:

Det kan vera vanskeleg å setja ut og ta opp båtar i dei regulerte vatna når det er stor variasjon i vasstanden. Det er viktig for Skjeggedalsåsen Vel å få på plass eit fungerande båtopptrekk ved Ringedalsvatnet, og Ullensvang Fjellstyre ynskjer at det vert etablert båtopptrekk ved naustet ved Langavatnet for å gjera båtutsett enklare enn i dag.

Informasjonsskilt:

Ullensvang kommunestyre ber Statkraft forbetra skiltinga si ved reguleringsmagasina. Det må vera skilt på land som syner kvar tappeluker og tunell er, slik at brukarane av vatna veit kvar desse er ved garnfiske og aktivitet på isen vinterstid. Ullensvang kommunestyre ber Statkraft sette skilta tilgjengeleg for ålmenta. Til dømes for å koma til informasjonsskiltet ved Tyssehøl måtte ein balansera over ein smal demning og klatra opp ein fjellvegg.

Brøyteavtale i Åsen:

Ullensvang kommunestyre ber Statkraft gå i dialog med Skjeggedalsåsen Vel og koma fram til ein avtale om snøbrøyting i Åsen.

Tursti til Mosdalen:

Ullensvang kommunestyre ber Statkraft bidra til betre opparbeiding av sti frå Åsen til Mosdalen. Omsyn til tema landskap, ferdsel/friluftsliv og villrein: Ullensvang kommunestyre ber Statkraft utgreia temaa landskap, ferdsel/friluftsliv og villrein.

Kulturminne:

Ullensvang kommunestyre minnar om at Tyssedal kraftverk er freda. Ringedalsdammen er ein statleg listeført dam/demningsanlegg, og kraftstasjonen Tysso II er listeført i NVE sin reviderte verneplan.

Rydding av boss:
Statkraft bør rydde i heile området til Tyssovassdraget. Det ligg i dag boss, restar frå utbygginga og seinare arbeid i heile området. Dette er sterkt i strid med moderne forvaltning av naturressursar.

Flaumdemping:
Ullensvang kommunestyre ber NVE om bistand til å avklara kven som er ansvarleg for flaumtunellen i Tyssedal. Det er òg viktig med betre flaumsikring av elveløpet til Tysso for å unngå store skadar i ein eventuell flaum.

Minstevassføring:
Ullensvang kommunestyre stiller krav om slepp av vatn i Tyssestrengene og Ringedalsfossen av omsyn til historisk verdi, samt oppleving og turisme. Kravet for minstevassføring i Tyssestrengene gjeld ei minstevassføring i turistsesongen juli-august

Utbyggingsavtale:
Ullensvang kommunestyre ber om at NVE pålegg Statkraft å inngå utbyggingsavtale med vertskommunen.

Magasinblokkering av ferdsel:
Da magasina nå er regulerte, er det begrensa mogelegheit for å krysse på tidlegare mogelege krysningar. Det bør etablerast båtar på magasina Breiavatnet og Håvardsvatnet, Langavatnet og på Nybuhylen. Ullensvang kommunestyre ber NVE om at regulanten får dette som vilkår for å betre/ gjenskape tidlegare krysningsmogelegheit, etc. ved å ha båtar tilgjengelege. Ullensvang kommunestyre ber vidare Statkraft inngå dialog og samarbeid med Ullensvang fjellstyre rundt dette temaet.

Bruk av lokalt selskap med tilknyting til Ullensvang fjellstyre:
Ullensvang kommunestyre ber Statkraft om å gå i dialog med Ullensvang fjellstyre og Fjellstyra på Hardangervidda as med tanke på mogeleg oppdragsutførelse innafor områder som selskapet Fjellstyra på Hardangervidda as har kompetanse og elles er konkurransedyktig.

Helsing

Elisabeth Pettersen  Tveit
rådgjevar

Dokumentet er godkjend elektronisk og har difor ikkje signatur.

Kopi til:

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Statkraft As | Postboks 200 | Lilleaker | 0216 | Oslo |
| Statsforvaltaren I Vestland | Njøsavegen 2 | | 6863 | Leikanger |
| Vestland Fylkeskommune | Askedalen 2 | | 6863 | Leikanger |

Ullensvang kommune

SAKSGANG

| Utval | Møtedato | Saksnr. i utval |
|---|---|---|
| Utval for samfunn, plan og næring | 01.10.2025 | 071/25 |
| Kommunestyret | 20.10.2025 | 095/25 |

| Saksbehandlar: | Arkivsak - dok.nr | 21/603 - 18 |
|---|---|---|
| Elisabeth Pettersen  Tveit | Journalpostnr. | 25/28845 |

## Ullensvang kommune sine krav til vilkårsrevisjon i Mågeli- og Tyssovassdraga

| Vedlegg |
|---|
| Vedlegg 1. NVE vedtak opning av vilkårsrevisjon 08.04.2025.pdf |
| Vedlegg 2. Reguleringsbestemmelser 09.07.1971.pdf |
| Vedlegg 3. Reguleringsbestemmelser 25.06.1982.pdf |
| Vedlegg 4. Innspel frå Forum for natur og friluftsliv Hordaland.pdf |
| Vedlegg 5. Innspel frå Skjeggedalsåsen Vel.pdf |
| Vedlegg 6. Innspel frå Ullensvang Fjellstyre.pdf |
| Vedlegg 7. Innspel frå Naturvernforbundet i Hardanger.pdf |
| Vedlegg 8. Innspel frå INEOS Tyssedal AS.pdf |
| Vedlegg 9. Innspel frå Vestland fylkeskommune.pdf |
| Vedlegg 10. Innspel frå Statskog SF.pdf |

**Saka blir avgjort av:**
Kommunestyret
**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.**
Vassdragsreguleringsloven

**Tilråding frå rådmannen:**
Ullensvang kommunestyre sender over følgjande krav i oppstarten av revisjon av konsesjonsvilkår i Mågeli- og Tyssovassdraga:

1. Vilkårsrevisjonen skal ha miljøaspektet i fokus.

2. Vilkårsrevisjonen skal leggja særleg vekt på innkomne innspel frå innbyggjarar, lag og organisasjonar.
3. Nye miljøvilkår må tilpassast dagens utfordringar til ferdsel, turistnæring og villrein.
4. Kvaliteten for fisken i Langavatnet må forbetrast.
5. Betre tilhøve til båtopptrekk ved Ringedalsvatnet og Langavatnet.
6. Informasjonsskilta ved reguleringsmagasina må forbetrast. Skilta må syna kvar tappeluker og tunell er, og dei må plasserast tilgjengeleg for ålmenta.
7. Avtale om snøbrøyting i Åsen.
8. Opparbeiding av sti frå Åsen til Mosdalen.
9. Det må takast omsyn til tema landskap, ferdsel/friluftsliv og villrein.
10. Det må takast omsyn til kulturminner i vassdragsområdet.
11. Det skal ryddast opp etter tidlegare utbygging og seinare arbeid i vassdragsområdet.
12. Flaumdemping av Tysso.
13. Minstevassføring i Tyssestrengene og Ringedalsfossen av omsyn til oppleving og turisme i turistsesongen juli-august.
14. Statkraft må inngå utbyggingsavtale med vertskommunen.

## Kommunestyret 20.10.2025

**Tilleggsframlegg, sett fram av Terje Kollbotn, Raudt**
Full vassføring av Tyssestrengene og Ringedalsfossen på dagtid minst ei helg av omsyn til oppleving i turistsesongen.

**Framlegg, sett fram av Andre Botnen, Arbeidarpartiet**
Endringsforslag tema "Villrein"
Villrein:
Det er viktig for Ullensvang kommune at Statkraft utarbeider tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag av temaet villrein. **Ein må synleggjere kva påverknad dagens regulering har hatt på villreinen, og arealbruken deira. Spesielt må ein vurdere om etablering av villreintersklar i reguleringsmagasina vil ha ein avbøtande effekt.** Det må takast omsyn til tiltaksplanen for felles sti- og løypeplan for Hardangervidda som er under arbeid. Kommunestyret meiner det er viktig at nye miljøvilkår vert tilpassa til dagens utfordringar i forhold til ferdsel og villrein.

**Røysting:**
Tilrådinga frå utval for samfunn, plan og næring vart samrøystes vedteke.
Framlegget frå Terje Kollbotn fekk 8 røyster (Kollbotn, Haugland, Tveit, Bårtvedt, Sekse, Lofthus, V. Måkestad, Hansen) og vart ikkje vedteke.
Framlegget frå Andre Botnen vart samrøystes vedteke.

## KST - 095/25 Vedtak

Ullensvang kommunestyre sender over følgjande krav i oppstarten av revisjon av konsesjonsvilkår i Mågeli- og Tyssovassdraga:

1. Vilkårsrevisjonen skal ha miljøaspektet i fokus.
2. Vilkårsrevisjonen skal leggja særleg vekt på innkomne innspel frå innbyggjarar, lag og organisasjonar.
3. Nye miljøvilkår må tilpassast dagens utfordringar til ferdsel, turistnæring og villrein.
4. Kvaliteten for fisken i Langavatnet må forbetrast.
5. Betre tilhøve til båtopptrekk ved Ringedalsvatnet og Langavatnet.
6. Informasjonsskilta ved reguleringsmagasina må forbetrast. Skilta må syna kvar tappeluker og tunell er, og dei må plasserast tilgjengeleg for ålmenta.
7. Avtale om snøbrøyting i Åsen.
8. Opparbeiding av sti frå Åsen til Mosdalen.
9. Det må takast omsyn til tema landskap, ferdsel/friluftsliv og villrein.
10. Det må takast omsyn til kulturminner i vassdragsområdet.
11. Det skal ryddast opp etter tidlegare utbygging og seinare arbeid i vassdragsområdet.
12. Flaumdemping av Tysso.
13. Minstevassføring i Tyssestrengene og Ringedalsfossen av omsyn til oppleving og turisme i turistsesongen juli-august.
14. Statkraft må inngå utbyggingsavtale med vertskommunen.
15. Det skal etablerast krysningsmogelegheit på magasina i form av utlegg av båtar og vestar (ref. Ullensvang fjellstyre sin høyring).
16. Statkraft bes om å gå i dialog med Ullensvang fjellstyre og Fjellstyra på Hardangervidda as med tanke på mogeleg oppdragsutførelse innafor områder som selskapet har kompetanse og elles er konkurransedyktig.

Villrein:

Det er viktig for Ullensvang kommunestyre at Statkraft utarbeider tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag av temaet villrein. Ein må synleggjere kva påverknad dagens regulering har hatt på villreinen, og arealbruken deira. Spesielt må ein vurdere om etablering av villreintersklar i reguleringsmagasina vil ha ein avbøtande effekt. Det må takast omsyn til tiltaksplanen for felles sti- og løypeplan for Hardangervidda som er under arbeid. Ullensvang kommunestyre meiner det er viktig at nye miljøvilkår vert tilpassa til dagens utfordringar i forhold til ferdsel og villrein.

Fisk:

Ullensvang Fjellstyre rapporterer at kvaliteten på fisken i Langavatnet er dårleg. Næringsgrunnlaget vert påverka av variasjon i vasstanden og den regelmessige tørrlegginga av strandsona. Statkraft må sjå på moglegheit for å etablera kulpar, tersklar eller tilsvarande langs strandsona, som vil ivareta at nokre av større næringsdyr overlever tørrlegging av sona. Eventuelt bør ikkje Statkraft tørrlegga strandsona i periodar som er viktige for desse næringsdyra.

Båtopptrekk:

Det kan vera vanskeleg å setja ut og ta opp båtar i dei regulerte vatna når det er stor variasjon i vasstanden. Det er viktig for Skjeggedalsåsen Vel å få på plass eit fungerande

båtopptrekk ved Ringedalsvatnet, og Ullensvang Fjellstyre ynskjer at det vert etablert båtopptrekk ved naustet ved Langavatnet for å gjera båtutsett enklare enn i dag.

Informasjonsskilt:
Ullensvang kommunestyre ber Statkraft forbetra skiltinga si ved reguleringsmagasina. Det må vera skilt på land som syner kvar tappeluker og tunell er, slik at brukarane av vatna veit kvar desse er ved garnfiske og aktivitet på isen vinterstid. Ullensvang kommunestyre ber Statkraft sette skilta tilgjengeleg for ålmenta. Til dømes for å koma til informasjonsskiltet ved Tyssehøl måtte ein balansera over ein smal demning og klatra opp ein fjellvegg.

Brøyteavtale i Åsen:
Ullensvang kommunestyre ber Statkraft gå i dialog med Skjeggedalsåsen Vel og koma fram til ein avtale om snøbrøyting i Åsen.
Tursti til Mosdalen:
Ullensvang kommunestyre ber Statkraft bidra til betre opparbeiding av sti frå Åsen til Mosdalen. Omsyn til tema landskap, ferdsel/friluftsliv og villrein: Ullensvang kommunestyre ber Statkraft utgreia temaa landskap, ferdsel/friluftsliv og villrein.

Kulturminne:
Ullensvang kommunestyre minnar om at Tyssedal kraftverk er freda. Ringedalsdammen er ein statleg listeført dam/demningsanlegg, og kraftstasjonen Tysso II er listeført i NVE sin reviderte verneplan.

Rydding av boss:
Statkraft bør rydde i heile området til Tyssovassdraget. Det ligg i dag boss, restar frå utbygginga og seinare arbeid i heile området. Dette er sterkt i strid med moderne forvaltning av naturressursar.

Flaumdemping:
Ullensvang kommunestyre ber NVE om bistand til å avklara kven som er ansvarleg for flaumtunellen i Tyssedal. Det er òg viktig med betre flaumsikring av elveløpet til Tysso for å unngå store skadar i ein eventuell flaum.

Minstevassføring:
Ullensvang kommunestyre stiller krav om slepp av vatn i Tyssestrengene og Ringedalsfossen av omsyn til historisk verdi, samt oppleving og turisme. Kravet for minstevassføring i Tyssestrengene gjeld ei minstevassføring i turistsesongen juli-august

Utbyggingsavtale:
Ullensvang kommunestyre ber om at NVE pålegg Statkraft å inngå utbyggingsavtale med vertskommunen.
Magasinblokkering av ferdsel:
Da magasina nå er regulerte, er det begrensa mogelegheit for å krysse på tidlegare mogelege krysningar. Det bør etablerast båtar på
magasina Breiavatnet og Håvardsvatnet, Langavatnet og på Nybuhylen. Ullensvang

kommunestyre ber NVE om at regulanten får dette som vilkår for å
betre/ gjenskape tidlegare krysningsmogelegheit, etc. ved å ha båtar
tilgjengelege. Ullensvang kommunestyre ber vidare Statkraft inngå dialog og samarbeid med Ullensvang fjellstyre rundt dette temaet.

Bruk av lokalt selskap med tilknyting til Ullensvang fjellstyre:
Ullensvang kommunestyre ber Statkraft om å gå i dialog med Ullensvang fjellstyre og Fjellstyra på Hardangervidda as med tanke på mogeleg oppdragsutførelse innafor områder som selskapet Fjellstyra på Hardangervidda as har kompetanse og elles er konkurransedyktig.

## Utval for samfunn, plan og næring 01.10.2025

**Tilleggspunkt, sett fram av Sindre Johannes Taxt Måge, Raudt**
*Sleppa Tyssestrengene og Ringedalsfossen ein periode på feks. ei veke om sommaren, som ein turistdestinasjon.*

**Fellesframlegg frå Ap, H og Vi – Tilleggspunkt 15 og 16, sett fram av Andre Botnen, Arbeidarpartiet**
*15) Det skal etablerast krysningsmogelegheit på magasina i form av utlegg av båtar og vestar(ref.*
*Ullensvang fjellstyre sin høyring)*

*16) Statkraft bes om å gå i dialog med Ullensvang fjellstyre og Fjellstyra på Hardangervidda as*
*med tanke på mogeleg oppdragsutførelse innafor områder som selskapet har kompetanse og*
*elles er konkurransedyktig.*
______________________________________________________________
*15) Magasinblokkering av ferdsel:*
*Da magasina nå er regulerte, er det begrensa mogelegheit for å krysse på tidlegare mogelege krysningar. Det bør etablerast båtar på*
*magasina Breiavatnet og Håvardsvatnet, Langavatnet og på Nybuhylen. Rådmannen ber NVE om at regulanten får dette som vilkår for å betre/ gjenskape tidlegare krysningsmogelegheit, etc. ved å ha båtar tilgjengelege. Rådmannen ber vidare Statkraft inngår dialog og samarbeid med Ullensvang fjellstyre rundt dette temaet.*

*16) Bruk av lokalt selskap med tilknyting til Ullensvang fjellstyre:*
*Rådmannen ber Statkraft om å gå i dialog med Ullensvang fjellstyre og Fjellstyra på Hardangervidda as med tanke på mogeleg oppdragsutførelse innafor områder som selskapet Fjellstyra på Hardangervidda as har kompetanse og elles er konkurransedyktig.*

**Nytt fellesframlegg frå Ap, H og VI, sett fram av Andre Botnen, Arbeidarpartiet**
*Ullensvang kommunestyre sender over følgjande krav i oppstarten av revisjon av*

*konsesjonsvilkår i Mågeli- og Tyssovassdraga:*
*1. Vilkårsrevisjonen skal ha miljøaspektet i fokus.*
*2. Vilkårsrevisjonen skal leggja særleg vekt på innkomne innspel frå innbyggjarar, lag og organisasjonar.*
*3. Nye miljøvilkår må tilpassast dagens utfordringar til ferdsel, turistnæring og villrein.*
*4. Kvaliteten for fisken i Langavatnet må forbetrast.*
*5. Betre tilhøve til båtopptrekk ved Ringedalsvatnet og Langavatnet.*
*6. Informasjonsskilta ved reguleringsmagasina må forbetrast. Skilta må syna kvar tappeluker og tunell er, og dei må plasserast tilgjengeleg for ålmenta.*
*7. Avtale om snøbrøyting i Åsen.*
*8. Opparbeiding av sti frå Åsen til Mosdalen.*
*9. Det må takast omsyn til tema landskap, ferdsel/friluftsliv og villrein.*
*10. Det må takast omsyn til kulturminner i vassdragsområdet.*
*11. Det skal ryddast opp etter tidlegare utbygging og seinare arbeid i vassdragsområdet.*
*12. Flaumdemping av Tysso.*
*13. Minstevassføring i Tyssestrengene og Ringedalsfossen av omsyn til oppleving og turisme i turistsesongen juli-august.*
*14. Statkraft må inngå utbyggingsavtale med vertskommunen.*
*15. Det skal etablerast krysningsmogelegheit på magasina i form av utlegg av båtar og vestar(ref.*
*Ullensvang fjellstyre sin høyring)*
*16. Statkraft bes om å gå i dialog med Ullensvang fjellstyre og Fjellstyra på Hardangervidda as*
*med tanke på mogeleg oppdragsutførelse innafor områder som selskapet har kompetanse og*
*elles er konkurransedyktig.*

*Villrein:*
*Det er viktig for rådmannen at Statkraft utarbeider tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag av temaet villrein. Det må takast omsyn til tiltaksplanen for felles sti- og løypeplan for Hardangervidda som er under arbeid. Rådmannen meiner det er viktig at nye miljøvilkår vert tilpassa til dagens utfordringar i forhold til ferdsel og villrein.*

*Fisk:*
*Ullensvang Fjellstyre rapporterer at kvaliteten på fisken i Langavatnet er dårleg. Næringsgrunnlaget vert påverka av variasjon i vasstanden og den regelmessige tørrlegginga av strandsona. Statkraft må sjå på moglegheit for å etablera kulpar, tersklar eller tilsvarande langs strandsona, som vil ivareta at nokre av større næringsdyr overlever tørrlegging av sona. Eventuelt bør ikkje Statkraft tørrlegga strandsona i periodar som er viktige for desse næringsdyra.*

*Båtopptrekk:*
*Det kan vera vanskeleg å setja ut og ta opp båtar i dei regulerte vatna når det er stor variasjon i vasstanden. Det er viktig for Skjeggedalsåsen Vel å få på plass eit fungerande båtopptrekk ved Ringedalsvatnet, og Ullensvang Fjellstyre ynskjer at det vert etablert*

*båtopptrekk ved naustet ved Langavatnet for å gjera båtutsett enklare enn i dag.*

*Informasjonsskilt:*
*Rådmannen ber Statkraft forbetra skiltinga si ved reguleringsmagasina. Det må vera skilt på land som syner kvar tappeluker og tunell er, slik at brukarane av vatna veit kvar desse er ved*
*garnfiske og aktivitet på isen vinterstid. Rådmannen ber Statkraft sette skilta tilgjengeleg for ålmenta. Til dømes for å koma til informasjonsskiltet ved Tyssehøl måtte ein balansera over ein smal demning og klatra opp ein fjellvegg.*

*Brøyteavtale i Åsen:*
*Rådmannen ber Statkraft gå i dialog med Skjeggedalsåsen Vel og koma fram til ein avtale om*
*snøbrøyting i Åsen.*

*Tursti til Mosdalen:*
*Rådmannen ber Statkraft bidra til betre opparbeiding av sti frå Åsen til Mosdalen.*
*Omsyn til tema landskap, ferdsel/friluftsliv og villrein:*
*Rådmannen ber Statkraft utgreia temaa landskap, ferdsel/friluftsliv og villrein.*

*Kulturminne:*
*Rådmannen minnar om at Tyssedal kraftverk er freda. Ringedalsdammen er ein statleg listeført dam/demningsanlegg, og kraftstasjonen Tysso II er listeført i NVE sin reviderte verneplan.*

*Rydding av boss:*
*Statkraft bør rydde i heile området til Tyssovassdraget. Det ligg i dag boss, restar frå utbygginga og seinare arbeid i heile området. Dette er sterkt i strid med moderne forvaltning*
*av naturressursar.*

*Flaumdemping:*
*Rådmannen ber NVE om bistand til å avklara kven som er ansvarleg for flaumtunellen i Tyssedal. Det er òg viktig med betre flaumsikring av elveløpet til Tysso for å unngå store skadar i ein eventuell flaum.*

*Minstevassføring:*
*Rådmannen stiller krav om slepp av vatn i Tyssestrengene og Ringedalsfossen av omsyn til historisk verdi, samt oppleving og turisme. Kravet for minstevassføring i Tyssestrengene gjeld ei minstevassføring i turistsesongen juli-august*

*Utbyggingsavtale:*
*Rådmannen ber om at NVE pålegg Statkraft å inngå utbyggingsavtale med vertskommunen.*

*<u>Magasinblokkering av ferdsel:</u>*
*Da magasina nå er regulerte, er det begrensa mogelegheit for å krysse på tidlegare mogelege krysningar. Det bør etablerast båtar på magasina Breiavatnet og Håvardsvatnet, Langavatnet og på Nybuhylen. Rådmannen ber NVE om at regulanten får dette som vilkår for å betre/ gjenskape tidlegare krysningsmogelegheit, etc. ved å ha båtar tilgjengelege. Rådmannen ber vidare Statkraft inngår dialog og samarbeid med Ullensvang fjellstyre rundt dette temaet.*

*<u>Bruk av lokalt selskap med tilknyting til Ullensvang fjellstyre:</u>*
*Rådmannen ber Statkraft om å gå i dialog med Ullensvang fjellstyre og Fjellstyra på Hardangervidda as med tanke på mogeleg oppdragsutførelse innafor områder som selskapet Fjellstyra på Hardangervidda as har kompetanse og elles er konkurransedyktig.*

**Leiar innvilga gruppemøte**

**Trakk framlegg:**
Andre Botnen trakk sitt første fellesframlegg

**Røysting:**
Tilleggsframlegg frå Sindre J. Taxt Måge (R) fekk ei røyst og fall.
Nytt fellesframlegg frå Ap, H og VI v/Andre Botnen vart samrøystes tilrådd.

## USPN - 071/25 Vedtak
**Tilråding:**

Ullensvang kommunestyre sender over følgjande krav i oppstarten av revisjon av konsesjonsvilkår i Mågeli- og Tyssovassdraga:
1. Vilkårsrevisjonen skal ha miljøaspektet i fokus.
2. Vilkårsrevisjonen skal leggja særleg vekt på innkomne innspel frå innbyggjarar, lag og organisasjonar.
3. Nye miljøvilkår må tilpassast dagens utfordringar til ferdsel, turistnæring og villrein.
4. Kvaliteten for fisken i Langavatnet må forbetrast.
5. Betre tilhøve til båtopptrekk ved Ringedalsvatnet og Langavatnet.
6. Informasjonsskilta ved reguleringsmagasina må forbetrast. Skilta må syna kvar tappeluker og tunell er, og dei må plasserast tilgjengeleg for ålmenta.
7. Avtale om snøbrøyting i Åsen.
8. Opparbeiding av sti frå Åsen til Mosdalen.
9. Det må takast omsyn til tema landskap, ferdsel/friluftsliv og villrein.
10. Det må takast omsyn til kulturminner i vassdragsområdet.
11. Det skal ryddast opp etter tidlegare utbygging og seinare arbeid i vassdragsområdet.
12. Flaumdemping av Tysso.
13. Minstevassføring i Tyssestrengene og Ringedalsfossen av omsyn til oppleving og turisme i turistsesongen juli-august.
14. Statkraft må inngå utbyggingsavtale med vertskommunen.

15. Det skal etablerast krysningsmogelegheit på magasina i form av utlegg av båtar og vestar(ref.
Ullensvang fjellstyre sin høyring).
16. Statkraft bes om å gå i dialog med Ullensvang fjellstyre og Fjellstyra på Hardangervidda as med tanke på mogeleg oppdragsutførelse innafor områder som selskapet har kompetanse og elles er konkurransedyktig.

Villrein:
Det er viktig for rådmannen at Statkraft utarbeider tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag av temaet villrein. Det må takast omsyn til tiltaksplanen for felles sti- og løypeplan for Hardangervidda som er under arbeid. Rådmannen meiner det er viktig at nye miljøvilkår vert tilpassa til dagens utfordringar i forhold til ferdsel og villrein.

Fisk:
Ullensvang Fjellstyre rapporterer at kvaliteten på fisken i Langavatnet er dårleg. Næringsgrunnlaget vert påverka av variasjon i vasstanden og den regelmessige tørrlegginga av strandsona. Statkraft må sjå på moglegheit for å etablera kulpar, tersklar eller tilsvarande langs strandsona, som vil ivareta at nokre av større næringsdyr overlever tørrlegging av sona. Eventuelt bør ikkje Statkraft tørrlegga strandsona i periodar som er viktige for desse næringsdyra.

Båtopptrekk:
Det kan vera vanskeleg å setja ut og ta opp båtar i dei regulerte vatna når det er stor variasjon i vasstanden. Det er viktig for Skjeggedalsåsen Vel å få på plass eit fungerande båtopptrekk ved Ringedalsvatnet, og Ullensvang Fjellstyre ynskjer at det vert etablert båtopptrekk ved naustet ved Langavatnet for å gjera båtutsett enklare enn i dag.

Informasjonsskilt:
Rådmannen ber Statkraft forbetra skiltinga si ved reguleringsmagasina. Det må vera skilt på land som syner kvar tappeluker og tunell er, slik at brukarane av vatna veit kvar desse er ved
garnfiske og aktivitet på isen vinterstid. Rådmannen ber Statkraft sette skilta tilgjengeleg for ålmenta. Til dømes for å koma til informasjonsskiltet ved Tyssehøl måtte ein balansera over ein smal demning og klatra opp ein fjellvegg.

Brøyteavtale i Åsen:
Rådmannen ber Statkraft gå i dialog med Skjeggedalsåsen Vel og koma fram til ein avtale om
snøbrøyting i Åsen.

Tursti til Mosdalen:
Rådmannen ber Statkraft bidra til betre opparbeiding av sti frå Åsen til Mosdalen.
Omsyn til tema landskap, ferdsel/friluftsliv og villrein:
Rådmannen ber Statkraft utgreia temaa landskap, ferdsel/friluftsliv og villrein.

Kulturminne:
Rådmannen minnar om at Tyssedal kraftverk er freda. Ringedalsdammen er ein statleg listeført dam/demningsanlegg, og kraftstasjonen Tysso II er listeført i NVE sin reviderte verneplan.

Rydding av boss:
Statkraft bør rydde i heile området til Tyssovassdraget. Det ligg i dag boss, restar frå utbygginga og seinare arbeid i heile området. Dette er sterkt i strid med moderne forvaltning
av naturressursar.

Flaumdemping:
Rådmannen ber NVE om bistand til å avklara kven som er ansvarleg for flaumtunellen i Tyssedal. Det er òg viktig med betre flaumsikring av elveløpet til Tysso for å unngå store skadar i ein eventuell flaum.

Minstevassføring:
Rådmannen stiller krav om slepp av vatn i Tyssestrengene og Ringedalsfossen av omsyn til historisk verdi, samt oppleving og turisme. Kravet for minstevassføring i Tyssestrengene gjeld ei minstevassføring i turistsesongen juli–august

Utbyggingsavtale:
Rådmannen ber om at NVE pålegg Statkraft å inngå utbyggingsavtale med vertskommunen.

Magasinblokkering av ferdsel:
Da magasina nå er regulerte, er det begrensa mogelegheit for å krysse på tidlegare mogelege krysningar. Det bør etablerast båtar på
magasina Breiavatnet og Håvardsvatnet, Langavatnet og på Nybuhylen. Rådmannen ber NVE om at regulanten får dette som vilkår for å betre/ gjenskape tidlegare krysningsmogelegheit, etc. ved å ha båtar tilgjengelege. Rådmannen ber vidare Statkraft inngår dialog og samarbeid med Ullensvang fjellstyre rundt dette temaet.

Bruk av lokalt selskap med tilknyting til Ullensvang fjellstyre:
Rådmannen ber Statkraft om å gå i dialog med Ullensvang fjellstyre og Fjellstyra på Hardangervidda as med tanke på mogeleg oppdragsutførelse innafor områder som selskapet Fjellstyra på Hardangervidda as har kompetanse og elles er konkurransedyktig.

**Saksopplysningar:**
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) opna 08.04.2025 vilkårsrevisjon av Mågeli- og Tyssovassdraga i medhald av vassdragsreguleringslova, for følgjande konsesjonar:

- Kgl.res. av 9. juli 1971: Statsregulering av Tyssovassdraget – Øvre Tyssevatn, Øvre og Nedre Håvardsvatn.
- Kgl.res. av 25. juni 1982: Statsreg. av Tyssovassdraget – Ytterligere senking av Ringedalsvatn.

Statkraft Energi AS har frist til 30.06.2026 for å levera utkast av revisjonsdokument, felles konsesjonssøknad for midlertidige løyver og eventuell konsesjonssøknad for opprustnings- og utvidingsprosjekt (O/U).

Hovudføremålet med ein revisjon er å betra miljø- og naturforholda ved å avbøta ulemper og negative verknadar ved utbygginga.

Kva vilkår som kan reviderast:
Det er konsesjonsvilkåra som er gjenstand for revisjon. Vilkåra skal kunna justerast slik at produksjonen kan fortsetja på ein meir miljøvenleg måte. Ein kan ikkje endra lengda på konsesjonen, leggja ned heile anlegget eller endra konsesjonen frå tidsubegrensa til tidsbegrensa. Høgaste regulerte vasstand (HRV) og lågaste regulerte vasstand (LRV) i magasina er ein del av sjølve konsesjonen, og ikkje eit vilkår som kan reviderast. Desse står difor fast, medan revisjonen kan fastsetja begrensingar i korleis ein manøvrerer mellom dei ulike vasstandane. Aktuelle vilkår for revisjon kan vera krav om minstevassføring, krav til fylling og tapping av magasin (t.d. sommarvasstand), tersklar/vasspegel, biotopjusterande tiltak, tilrettelegging for ferdsel og friluftsliv langs vassdraget m.m.

Det er forholdet til dei ålmenne interessene som er regulert i konsesjonen, og som er gjenstand for revisjon. Verken privatrettslege forhold ovanfor grunneigarar og andre rettshavarar eller økonomiske krav er ein del av revisjonssaka.

I NVE sin rapport 49/2013 "*Vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022*" har Tyssovassdraget fått prioritet 1.1, høg prioritet. Føreslegne tiltak er:

- Minstevassføring på strekningar nedstraums magasin (Øvre Tyssevatn).
- Magasinrestriksjonar i Langavatn, Øvre Tyssevatn og Nibbehølen av omsyn til landskap og friluftsliv.

**Vurdering:**
Rådmannen ynskjer å vera tidleg med i prosessen og sender difor krav no før revisjonsdokumentet er ferdig utarbeidd av Statkraft. Kommunen kan senda inn nye og oppdaterte krav som ein del av den seinare høyringa av revisjonsdokumentet.

Ullensvang kommune sendte ut brev til lag og organisasjonar 11.08.2025 der kommunen ynskte innspel til revisjonen. Fristen for å koma med innspel vart sett til 07.09.2025. Det kom innspel frå sju lag/organisasjonar. Innspela ligg som vedlegg i saka. Kommunen arrangerte folkemøte om vilkårsrevisjonen i Tyssedal 27.08.2025.

Rådmannen ser på vasskraftregulering som bruk av ein miljøvenleg, fornybar og fossilfri ressurs med stor samfunnsnytte. Samstundes må reguleringa og energiproduksjonen byggja på berekraftprinsippet, der natur- og miljøverdiar vert tekne omsyn til. Mange av dagens konsesjonsvilkår er gamle, og det er naudsynt å sjå på dette i lys av ny kunnskap. Gjennom revisjon av konsesjonsvilkår bør det vega tungt å retta opp skader og ulemper som reguleringa har påført vassdraget og området.

Rådmannen er opptatt av at når det skal settast vilkår for minst 30 nye år, så må kunnskapen vera oppdatert og grundig for at vilkåra skal vera best mogleg tilpassa dei overordna omsyna som skal varetakast.

Rådmannen ynskjer at revisjonssaka og ein eventuell ny konsesjonssøknad skal handsamast avhengig av kvarandre hjå NVE. Det er ikkje tilstrekkeleg at sakene vert handsama parallelt. Dei nye inngrepa det vert søkt om konsesjon for, må sjåast i samanheng med allereie gjennomførte utbyggingar inngrep som er omfatta av revisjonssaka. Ei framtidig konsesjonssak må bidra til å avbøta skader og ulemper frambrakt av tidlegare utbyggingar.

Etter rådmannen sitt syn må difor nye konsesjonsvilkår for eksisterande konsesjon fastsettast først, før det vert gjeve konsesjon for ytterlegare utbyggingar. Dette er naudsynt for å vurdera den samla belastninga i vassdraget, slik naturmangfaldlova § 10 krev.

Villrein:
Det er viktig for rådmannen at Statkraft utarbeider tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag av temaet villrein. Det må takast omsyn til tiltaksplanen for felles sti- og løypeplan for Hardangervidda som er under arbeid. Rådmannen meiner det er viktig at nye miljøvilkår vert tilpassa til dagens utfordringar i forhold til ferdsel og villrein.

Fisk:
Ullensvang Fjellstyre rapporterer at kvaliteten på fisken i Langavatnet er dårleg. Næringsgrunnlaget vert påverka av variasjon i vasstanden og den regelmessige tørrlegginga av strandsona. Statkraft må sjå på moglegheit for å etablera kulpar, tersklar eller tilsvarande langs strandsona, som vil ivareta at nokre av større næringsdyr overlever tørrlegging av sona. Eventuelt bør ikkje Statkraft tørrlegga strandsona i periodar som er viktige for desse næringsdyra.

Båtopptrekk:
Det kan vera vanskeleg å setja ut og ta opp båtar i dei regulerte vatna når det er stor variasjon i vasstanden. Det er viktig for Skjeggedalsåsen Vel å få på plass eit fungerande båtopptrekk ved Ringedalsvatnet, og Ullensvang Fjellstyre ynskjer at det vert etablert båtopptrekk ved naustet ved Langavatnet for å gjera båtutsett enklare enn i dag.

Informasjonsskilt:
Rådmannen ber Statkraft forbetra skiltinga si ved reguleringsmagasina. Det må vera skilt på land som syner kvar tappeluker og tunell er, slik at brukarane av vatna veit kvar desse er ved garnfiske og aktivitet på isen vinterstid. Rådmannen ber Statkraft sette skilta tilgjengeleg for ålmenta. Til dømes for å koma til informasjonsskiltet ved Tyssehøl måtte ein balansera over ein smal demning og klatra opp ein fjellvegg.

Brøyteavtale i Åsen:
Rådmannen ber Statkraft gå i dialog med Skjeggedalsåsen Vel og koma fram til ein avtale om snøbrøyting i Åsen.

Tursti til Mosdalen:
Rådmannen ber Statkraft bidra til betre opparbeiding av sti frå Åsen til Mosdalen.

Omsyn til tema landskap, ferdsel/friluftsliv og villrein:
Rådmannen ber Statkraft utgreia temaa landskap, ferdsel/friluftsliv og villrein.

Kulturminne:
Rådmannen minnar om at Tyssedal kraftverk er freda. Ringedalsdammen er ein statleg listeført dam/demningsanlegg, og kraftstasjonen Tysso II er listeført i NVE sin reviderte verneplan.

Rydding av boss:
Statkraft bør rydde i heile området til Tyssovassdraget. Det ligg i dag boss, restar frå utbygginga og seinare arbeid i heile området. Dette er sterkt i strid med moderne forvaltning av naturressursar.

Flaumdemping:
Rådmannen ber NVE om bistand til å avklara kven som er ansvarleg for flaumtunellen i Tyssedal. Det er òg viktig med betre flaumsikring av elveløpet til Tysso for å unngå store skadar i ein eventuell flaum.

Minstevassføring:
Rådmannen stiller krav om slepp av vatn i Tyssestrengene og Ringedalsfossen av omsyn til historisk verdi, samt oppleving og turisme. Kravet for minstevassføring i Tyssestrengene gjeld ei minstevassføring i turistsesongen juli-august.

Utbyggingsavtale:
Rådmannen ber om at NVE pålegg Statkraft å inngå utbyggingsavtale med vertskommunen.

**Samandrag konklusjon:**
Rådmannen ynskjer at revisjonen og ein eventuell ny konsesjon vert handsama samstundes og i avhengighet av kvarandre hjå NVE, då fleire av desse temaa uansett bør sjåast på i samanheng for ei meir heilskapleg forbetring av vassdragsområdet. Rådmannen ynskjer å vera tidleg ute i prosessen, og meiner at ovannemnde krav er eit godt utgangspunkt på noverande tidspunkt.

For at resultatet av revisjonssaka skal bli tilfredsstillande, er det naudsynt med tett oppfølging frå NVE, Statkraft, kommunen og berørte ålmenne interesser.